



Jobbnorge-ID: 111252

Søknadsfrist: Closed

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Vitskapleg assistent i samisk språk ved Institutt for språkvitenskap (inntill to mellombelse deltidsstillinger)

Søknadsfrist: 23.3.2015

Ref.nr: 2015/511

Ved Universitetet i Tromsø - Noregs arktiske universitet (UiT) er det ledig inntil to deltidsstillinger som vitskapleg assistent (transkribør) ved Institutt for språkvitenskap. Tilsettinga er for eitt år med høve til forlenging inntil eitt år. Dei som blir tilsette, bør arbeide minst 20 % og maksimum 50 %, eventuelt meir om sommaren. Oppstart er så raskt som mogleg.

Stillingane er knytte til prosjektet LIA - *Language Infrastructure made Accessible*, finansiert av Noregs Forskingsråd, 2014-18, sjå <http://tekstlab.uio.no/LIA/index.html>. Nærmare opplysningar om stillingane kan ein få ved å vende seg til professor Øystein A. Vangsnes, tlf. 77 64 57 42, e-post: oystein.vangsnes@uit.no.

LIA-prosjektet (sjå <http://tekstlab.uio.no/LIA/index.html>) skal samle inn og digitalisere eldre norske, norskamerikanske og samiske talemålsopptak og gjere dei tilgjengelege i ein forskingsinfrastruktur som skal vere open for forskarar, næringsliv og andre interesserte. Eit utval av opptaka skal transkriberast, translitererast og grammatisk annoterast, og leggst inn i brukarvennlege korpus og databasar. Prosjektet er eit samarbeid mellom Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen, Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet, UiT og Nasjonalbiblioteket, samt utanlandske partnerar.

Dei som blir tilsette, skal transkribere og transliterere samiske talemålsopptak, primært på nordsamisk men også på lule- og sørsamisk. Arbeidet passar svært godt for bachelor- og masterstudentar i samisk språk og samisketalande som studerer lingvistik og som ønskjer ei meningsfull og fagleg spennande deltidsstilling ved sidan av studiet. Opplæring i tekniske arbeidsverktøy og transkripsjonsstandardar vil bli gitt.

Stillinga kan ikkje fyllast av personar som tidlegare har vore tilsett i ei utdanningsstilling eller har oppnådd tilsvarende kompetanse. Aktuelle søkjarar vil bli innkalla til intervju.

Ønskte kvalifikasjonar:

- Søkjarar bør ha svært gode samiskkunnskapar og interesse for språkleg variasjon og grammatikk, vere nøyaktige og pålitelege og kunne arbeide sjølvstendig.
- Søkjarar bør ha teke kurs innan relevante fag som samisk språk eller lingvistik.
- Tidlegare erfaring med liknande arbeid er ein fordel, men ikkje noko krav.

Kandidatar vil bli innplasserte i stillingskodane for vitskapleg assistent 1018, 1019 eller 1020 avhengig av utdanningsgrad.

Det blir trekt 2 % pliktig innskot til Statens pensjonskasse.

UiT ønsker å auke kvinneandelen i vitskaplege stillingar. Dersom to eller fleire søkarar blir funne tilnærma likt kvalifiserte, vil universitetet rangere kvinner føre menn.

Søknad skal sendast elektronisk på søknadsskjema som ligg på denna sida (www.jobbnorge.no), og han skal innehalde:

- søknadsbrev
- CV (fullstendig oversikt over utdanning, praksis og fagleg arbeid)
- vitnemål og attestar
- namn og kontakinformasjon på 2-3 referansar (namn, tilknytning til søkar, e-postadresse og telefonnummer)

Førespurnad om korleis arbeidsmiljøet er tilrettelagt, korleis arbeidsstaden er utforma fysisk, helseteneste, moglegheiter for fleksitid, deltid o.l., kan ein rette til telefonreferansen.

Ved UiT legg vi vekt på mangfald, og oppmodar difor søkjarar å søkje utan å ta omsyn til alder, kjønn, funksjonsevne eller etnisk bakgrunn.

UiT er ei IA-verksemd, og vil freiste å leggje arbeidsforholda til rette for tilsette med redusert funksjonsevne.

Personopplysningar som blir oppgitt i søknad og CV til stillingar blir handsama i tråd med lov om handsaming av personopplysningar, personopplysingsloven. I tråd med offentlegheitslova § 25, 2. ledd, kan søkjar be om ikkje å bli ført opp på den offisielle søkjarlista. Universitetet kan likevel vedta at namnet på kandidaten skal offentleggjerast. Søkjar vil i forkant av eventuell offentleggjing bli varsla.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: